

Astrid, mi Astrid

Tekst: H.Hanson

Melodi: Norsk folketone

1.

Astrid, mi Astrid, som eine heldt tå meg,
den tid du var meg så inderleg god!
Den tid du gret kvar ein gong eg gjekk frå deg,
som var kvar laurdagskveld, mins du det no?
/: Då var i bygdas den sælaste gut,
ikkje eg bytte med prest eller fut. :/

2.

Venar' enn sola som glar bakom fjellet,
det er han Torgrim, kan eg seia deg;
og du argar' enn villaste trollet,
falskar' enn skumet på vatnet mot meg.
/: – Men eg er likvel di trugnaste møy,
berre med deg vil eg leva og døy. :/